

## Bayern München speidar på Harald Nilsen Tangen.

13.06.2016



Spennande tider for Harald N. Tangen og faren Rune Nilsen framover.

**Oppdatert: Vi har tidlegare skrive ein del om det store fotballtalentet Harald N. Tangen med mykje slekt på Sanden her i Uskedalen, og i Kvinnherad elles. Han går ei spennande framtid i møte. I slutten av april imponerte han stort under ei stor landslagsturnering for G15 i Østerrike og Italia. Blant klubbane som la merke til han der, var den største tyske storklubben Bayern München.**

Søndag kveld spelte SIFs G16 elitelag kamp mot Sandnes Ulf på kunstgrasbanen bak Sandnes stadion. Då dukka sin speidar frå Bayern München opp, og stod på ein terrasse ved klubbhuset. Han fekk sjå Harald Nilsen Tangen scora eit mål i kvar omgang. SIF vant 2-0.

Bayern sin talentspeidar heiter Björn Andersson og spelte sjølv for det tyske storlaget på 1970-talet. Han har også 28 landskampar for Sverige.

Det var Aftenbladet.no som skreiv først om saka, og dei forsøkte å snakka med speidaren undervegs i kampen, men blei høfleg avvist.

- Eg gjev ikkje intervju. Beklagar, var den høflege beskjeden dei fekk.

Etter det Aftenbladet kjenner til, blir speidaren verande i Stavanger nokre dagar for å følgja 15-åringen på treningar.

**Les også kva [sporten.com skriv her](#).**

Det vert spennande tider for Harald Nilsen Tangen og apparatet rundt han framover. Viking har lenge vore interessert i ungguten, og han skal trenast med dei i sommar. Han skal også på landslagssamling i Porsgrunn i slutten av juni.

Harald er son til den gamle SIF-kjempa Rune Nilsen som spela for Uskedalen til han flytta frå bygda som ung gut. Tidlegare Viking- og U-landslagsspelar Eirik Tangen er onkel til Harald.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland